



Hilleren Prosjektering AS
Skulebakken 2-4
5355 KNARREVIK

Referansar:
Dykkar:
Vår: 21/6093 - 21/82447

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
06.12.2021

Fortsatt manglar ved søknaden - gbnr 333/2 Sjurdal

Tiltak: riving av våningshus, oppføring av nytt og ny tilkomsveg
Byggjestad: Gbnr: 333/2
Tiltakshavar: Kjetil Brakstad
Ansvarleg søkjar: Hilleren Prosjektering AS

Kommunen syner til rammesøknad om tiltak 29.06.2021 og tilleggsopplysningar mottatt 28.09.21.

Søknaden har framleis manglar og kommunen har trong for supplerande dokumentasjon:

1. Det ligg ikkje føre vegteikningar. Vi kan ikkje godkjenne vegtilkomst utan profil, snitt teikningar. Uklart om veg krev støttemurar, fjellsikringstiltak og om stigningsforhold 1:8 er oppnåeleg for denne vegen , jf. PBL§ 27-4.
2. Søkjar har ikkje sendt opplysningar om vassforsyning som er planlagt, vi ber om opplysningar vedr. kva vannkjelde skal nyttast. Det er ikkje kommunalt vatn i nærleiken, eigedommen betaler ingen gebyr for kommunalt vatn per i dag. Forhold må vere avklart før rammeløyve kan gjevast, jf. PBL§ 27-1.
3. Når det gjeld avløp opplyser søkjar at det skal nyttast eksisterande septiktank. Det er ikkje akseptabelt i dag å nytte eldre anlegg ved oppføring av nytt hus. Det skal søkjast om minireinseanlegg før igangsetjing. Forhald kring utslepp skal avklarast før rammeløyve kan gjevast, jf. PBL§ 27-2.
4. Vi ber om at hjemmelshavar Jan Inge Brakstad signerer dokument som gir rett til oppføring av omsøkte tiltaka på hans eigedommen.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 06.01.22. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin

mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. forskrift om byggesak § 7-2, 1. ledd.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hilleren Prosjektering AS
Kjetil Brakstad

Skulebakken 2-4
Bjørndalsvegen 344

5355 KNARREVIK
5918 FREKHAUG